



TRYGGHET  
FOR EN TIER!



# GRATULERER MED STUDIE- PLASSEN DIN!

**No startar studentlivet.** For mange er dette dei beste åra i livet. Likevel kan overgangen til studenttilværet vera vanskeleg. Du kjem i eit heilt nytt miljø, kanskje er det til og med fyrste gongen du flyttar heimafrå.

For å lette på denne overgangen har eg laga ein oppstartsguide for deg, som eg hadde ønskt nokon hadde laga for meg då eg vart student. I brosjyren finn du òg nokre artiklar og blogginnlegg frå nettsida vår, som du forhåpentlegvis vil ha nytte av.

## **Tips 1. Ver med!**

Både på fadderveka og etterfesten. Som student er det særers sannsynleg at du flyttar til ein ny by. Uansett om du er heilt ny, eller allereie har venar her, bør du bli med på fadderveka og melde deg inn i studentorganisasjonar. Fadderveka er eit herleg høve til å bli kjent med dei du skal studere saman med og andre studentar frå ulike utdanningar og årskull. Dei du blir kjent med i løpet av fadderveka blir sannsynlegvis dine vener gjennom heile studieløpet, og vil hjelpe deg med å vera ein motivert student.

Du vil òg bli betre kjent med studiebyen din. Fadderane kjenner til dei beste plassane å henge, staden med det billigaste plet og

den beste nattmaten – eller den mest romantiske restauranten, der dama eller gubben blir sjarmert, samtidig som du held deg til studentbudsjettet!

I frivillige organisasjonar og studentforeiningar kan du utvikle dine interesser, og treffe enda fleire kjekke folk. Kanskje studerer du matematikk, men vil drive med teater på fritida? Det finst heilt sikkert ei teatergruppe på studieplassen din. Gjer det ikkje det, er det berre å opprette ei – nokon brenn sikkert for det same som du og vil bli med!


## **Tips 2. Hald styr på økonomien din**

Mangel på pengar vil dessverre prege studentkvardagen. Det hjelper sjølvsagt om du har nokre sparepengar, deltidsjobb eller får hjelp frå foreldre, men budsjettet ditt vil framleis vera stramt. Last ned LOfavør sin studentbudsjett-app for å få ei peikepinn på kor god råd du har. Hugs å samle på kvitteringane, og før rekneskap. I 2017 finst det utallege nettsider og apps som vil hjelpe deg



*Michal Jan Warecki studerer kybernetikk og robotikk på NTNU, og leier Industri Energi Student med over 2500 medlemar.*

*Du kan få fleire tips av han om du følgjer Industri Energi Student på Facebook.*



med det. Ver nøye med å sjekke om stadane du går til har studentrabatt, og ver på utkikk etter «happy hours». På [www.lofavor.no](http://www.lofavor.no) får du oversikt over kva andre rabattar du får som LO-medlem.

### Tips 3. Lær smart

Det er ikkje meining å skremme deg, men hugs også å ta studia på alvor! Karakterane dine får ofte mykje å seie for livet ditt dei fyrste åra etter at du er ferdig på skulebenken. Derfor er det verd å gjera ein innsats, og det treng ikkje gå utover sosiallivet ditt. Tenk over korleis du lærer best! Er det ved å sitte aleine på ein stille lesesal? Eller ved å diskutere pensum saman med andre i ei kollokviegruppe?

Faste rutinar er å tilrå. Det vil hjelpe på å halde motivasjonen oppe. Sjølv om du kanskje vil ha ei uoversiktleg timeplan, er det best å ha faste tider du bruker på å lesa kvar dag. Studia vil trass alt til å vera heiltidsjobben din dei neste åra.

### Tips 4. Organiser deg

Sjòlv om du er student, gjer du smart i å organisere deg! Mange studentar opplever å bli utnytta som arbeidskraft, ofte i form av mangelfulle arbeidskontraktar eller manglande overtidsbetaling. Studentmedlemskapet i Industri Energi kostar berre 10 kroner i månaden. Frå oss får du hjelpen du treng på arbeidsplassen, uansett kva deltidsjobben din er.

Du har også rett på 20 timar gratis rådgiving, som du til dømes kan bruke på å få leigekontrakta di lese av ein jurist, eller få hjelp med å skrive ei sambuarkontrakt. Vi held óg kurs i arbeidsrett, studieteknikk, ølbrygging og mykje anna ved ulike lærestader.

Vi har Skandinavias beste innbuforsikring, som sikrar innbuet ditt både i og utanfor huset. Alt dette inngår ein kontingent på 10 kroner i månaden – og **alle studentar er velkomne som medlem!**



## LYKKE TIL MED DIN UTDANNING

De tillitsvalgte i Industri Energi i Hydro vil ønske deg lykke til med din utdanning. Denne tiden vil på mange måter forme deg og din framtid.

Vi håper også at du vil være studentmedlem hos oss! Styrken ved et fellesskap er stort.

Å være medlem av en fagforening gir kraft bak kravene om en bedre utdanning, en bedre fritid og et bedre arbeidsliv.

Vi tillitsvalgte jobber hardt for at vår felles framtid skal bli best mulig.



*For Industri Energi i Hydro,  
Ørjan Normann*

Du kan være med og bidra ved å tilslutte deg en lokal Industri Energi fagforening.

Etter endt utdanning håper vi at du får et langt og godt arbeidsliv, gjerne ved en av Hydro sine bedrifter i Norge eller utlandet.

Lykke til!

## VELKOMMEN SOM MEDLEM

Vi som er tillitsvalgte i industri Energi i Statoil håper at du vil velge Statoil som arbeidsplass når du er ferdig med dine studier.


Statoil har et stort internt arbeidsmarked og kan tilby mange interessante arbeidsoppgaver innenfor de tekniske ingeniørfagene og innen de fleste merkantile fagfelt; tradisjonelle offshore relaterte arbeidsoppgaver, interessante oppgaver innen fornybar satsing og eventuelt å jobbe på ett av kontorene våre ute i verden for en kortere eller lengre periode.



*For Industri Energi i Statoil Stavanger, Anne Kristi S Horneland*

Industri Energi i Statoil sine medlemmer er å finne innenfor alle fagkategorier i selskapet. Det er mange fordeler for deg som student å melde deg inn i en fagforening allerede i studietiden.

Håper vi sees!



# DETTE MÅ DU HUSKE PÅ NÅR DU SKAL LEIE BOLIG

Som fersk student er det mye du må passe på og sette deg inn i. Ikke minst gjelder dette valg av studier og hvordan du skal bo. Les deg opp på viktige begreper og råd fra advokat Sindre G. Marqvardsen for å unngå å bli lurt på leiemarkedet.

Flere ønsker å bo på studenthjem, men mangelen på studentleiligheter gjør at mange må ut på det private leiemarkedet. Ikke sjelden opplever unge folk å sitte med skjegget i postkassen når de underskriver på et slikt leieforhold. Skrekkhistoriene er mange. Til høye priser stues unge sammen i kollektiv med liten plass. Still derfor kritiske spørsmål på visningen: Hvor mange skal du bo sammen med? Er det helsefarlig mugg og sopp i leiligheten? Hvem skal du betale depositum til? Hva er forresten depositum?

**Depositum** er en avtalt sum som du som leietaker må betale til den du leier av. Pengene er en garanti til utleier for at leietaker betaler husleie og ikke skader eiendommen.

Det er ikke alltid utleier krever et depositum, men i slike tilfeller skal pengene settes på en egen depositumskonto som kun skal kunne disponeres av begge parter i fellesskap. Ut-



*Sindre Marqvardsen, advokat i Industri Energi*

leier kan altså ikke kreve at depositumet betales til utleiers egen konto. Dersom dette skjer har leietaker krav på å få tilbakebetalt det fulle beløpet umiddelbart, med tillegg av forsinkelsesrente fra innbetaling og frem til beløpet er tilbakebetalt.

**Oppsigelse:** Det kan være greit å ha mulighet til å si opp leieforholdet under leietiden dersom du ikke er fornøyd. Denne retten må i så fall

avtales særskilt og må stå i leiekontrakten. Dersom oppsigelse ikke er avtalt (og du har inngått en tidsbestemt leieavtale), er du bundet til avtalen ut hele kontraktstiden.

Selv om det er avtalt at leieforholdet kan sies opp i leieperioden, kan ikke utleier fritt benytte seg av dette. Utleier kan kun si opp et leieforhold dersom:

➤ husrommet skal brukes som bolig av utleieren selv eller noen som hører til husstanden,



- › riving eller ombygging av eiendommen gjør at husrommet må fravikes,
- › leieren har misligholdt leieavtalen, eller
- › det foreligger en annen saklig grunn til å si opp leieavtalen.

Leietaker har alltid mulighet til å klage på en oppsigelse fra utleier. Klage må skje skriftlig og innen én måned etter at oppsigelsen er mottatt fra utleier. Dersom utleier ønsker å opprettholde oppsigelsen må han ta ut søksmål mot leietaker innen tre måneder etter at leietakers klagefrist løp ut. Gjøres ikke dette innen fristen, faller oppsigelsen bort.

Ønsker du selv å si opp leieforholdet? Det kan du gjøre uten å oppgi noen bestemt grunn. Oppsigelsen bør alltid skje skriftlig, for å unngå uenighet om når eller om oppsigelse har skjedd.

### **Leie og andre ytelser:**

I utgangspunktet kan ikke utleier kreve at leietaker betaler annet enn selve husleien. Dersom det ikke er avtalt at leietaker skal

dekke elektrisitet og/eller oppvarmingskostnader, så anses disse for å være en del av husleien. Utleier kan ikke da kreve dette dekket i tillegg til leien.

Utleier kan uansett ikke kreve at du dekker andre kostnader ved siden av leien enn: elektrisitet, brensel, og vann og avløp.

### **Leieregulering:**

De tre første årene av et leieforhold kan ikke utleier oppjustere husleien mer enn det som følger av utviklingen av konsumprisindeksen. Regulering av leien kan dessuten tidligst finne sted ett år etter inngåelse av leiekontrakten, og ett år etter forrige leiefastsettelse. Etter tre år kan begge parter kreve at leien justeres til såkalt «gjengs leie» i området.

Utleier kan uansett ikke gjøre endring i leien uten først å sende leietaker skriftlig varsel om dette. Varselet må sendes senest minst én måned før endringen skjer. Tilpasning til gjengs leie kan først skje seks måneder etter at det er fremsatt skriftlig krav om dette.



# STUDENTMEDLEMSKAPET ER GULL VERDT

Egentlig visste hun ikke helt hva hun meldte seg inn i på første skoledag. Senere har medlemskapet i Industri Energi sikret Charlotte Andreassen advokathjelp og en splitter ny mobiltelefon.

Charlotte Andreassen (25) er student ved masterprogrammet i petroleum ved Universitetet i Stavanger. Hun har vært medlem av Industri Energi siden studiestarten i 2012 og har planer om å være det i mange år til, også når hun er ferdig med studiene.

– Det var heller tilfeldig at jeg ble medlem i akkurat Industri Energi. På første skoledag var det mange stands fra ulike organisasjoner. Jeg fikk vite at de fleste ansatte i Statoil er organisert gjennom Industri Energi og da ble det veldig enkelt for meg å gjøre det samme, forteller hun.

## Fikk advokathjelp

Studenten har bare gode erfaringer med studentmedlemskap i Industri Energi, og vil gjerne anbefale det til andre. Studentmedlemskapet koster utrolig nok bare en tikroning i måneden. Ikke bare er medlemsfordelene gode, Andreassen har også fått god hjelp i utfordrende situasjoner. – Jeg jobbet som ekstrahjelp i en butikk ved siden



*Student Charlotte Andreassen vil gjerne anbefale medlemskapet i Industri Energi for studenter.*

av studiene. Det var mye tull, og til slutt gikk butikken konkurs. Da fikk vi vite at vi ikke skulle få den siste lønningen vår. Takket være medlemskapet i Industri Energi kunne jeg kontakte advokat og fikk kjempegod hjelp. Jeg fikk hjelp til å skrive et skikkelig dokument med krav om lønnen og da ordnet det seg. Situasjonen hadde neppe ordnet seg like lett uten denne hjelpen, sier hun.

## Innboforsikring dekket ødelagt mobiltelefon

Senere hadde hun et uhell med nye, dyre mobiltelefonen sin.

– Jeg klarte å miste den nye iPhone'n i gulvet på badet. Den ble helt knust! Ganske fortvilende når du er student og ikke har så mye penger. En venninne som også har medlemskap i Industri Energi, sa at innboforsikringen ville dekke uhellet. Det syntes jeg var vanskelig å tro på først. Men bare ti minutter etter at jeg hadde meldt inn uhellet til Industri Energi, hadde jeg fått penger til ny mobil på kontoen. En utrolig bra ordning, sier Andreassen.



10 KR

## NORGES BESTE STUDENTMEDLEMSKAP

Industri Energi har over 2600 studentmedlemmer som arbeider for bedre studievilkår, stipend og best mulige låneordninger. Du får muligheten til å være med å påvirke.

For kun kr 10,- per måned!

Vi gir deg fantastiske medlemsfordeler:



### GRATIS RETTSHJELP

Om du får problemer i arbeidslivet er vi her for å hjelpe deg.



### FORSIKRINGER

Norges beste innboforsikring. Samt advokatforsikring.



### BOKSTIPEND

Vi gir deg som student kr 6.000 for utlegg til bøker.

**I tillegg får du gratis kurs og konferanser, og tilgang til en rekke andre fordeler som f.eks. Topp reiseforikring, billigere reiser, strøm og internet gjennom LO Favør.**



# HUGS Å SØKE PÅ BOKSTIPEND

Medlemskapet i Industri Energi betalar seg også etter at du er ferdig med å studere. Er du framleis medlem når du startar å jobbe, kan du få att 6.000 kroner av bokutgiftene dine du hadde som student.

Å satse på sin eigen kompetanse skal løne seg. LO har ein lang historie av det å kjempe for at utdanning skal vera tilgjengeleg for alle. Det handlar ikkje berre om at gratisprinsippet skal bestå, men òg at alle skal kunna vera heiltidsstudentar – uansett av kva deira foreldre tener.

I 1946 vedtok LO på sin kongress at «alle skal ikke bare ha rett, men og høve til å få den utdanning deres evner og anlegg gir dem krav på, slik at samfunnet får full nytte av alle krefter i folket.» At Statens Lånekasse for Utdanning vart oppretta i 1947 er eit resultat av dette vedtaket. Snart kunne alle studenter ved landets høgskolar og universitet få stipend frå staten. Målet om heiltidsstudenten var likevel ikkje oppnått, og LO venta heller ikkje på at den skulle bli oppnådd, men oppretta nye stipend og utdanningsfond for sine medlemmar – i tillegg til dei som fanst frå før av. I dag har 12 forbund rettar i LOs utdanningsfond, og Industri Energi er eitt av dei.

## Kva får eg ut av det?

LO har eit utdanningsfond for alle medlemmar som har vore yrkesaktive i tre år før dei tar vidareutdanning. Du kan søke om 13.500 kr i året, og som medlem i Industri Energi får du enda betre vilkår: du må berre ha betalt full

kontingent i seks månadar før du søker. Du kan òg søke om du er lærling. Søknadsfristen for heilårsstudium gjekk ut 15. mai, men du kan framleis søke om midlar til andre kurs – desse søknadane blir behandla fortløpande.

Dersom du vart medlem i Industri Energi i studietida, har du ikkje krav på stipend, men bokstipend. Vi veit at skolebøker kan vera dyrt, derfor betaler vi deg 6.000 kroner til å dekke ein del av kostnaden ved dei – og bøkene kan du behalde!

## Korleis gjer eg det?

Du får bokstipend når du begynner å jobbe i ei av våre bedrifter. Det einaste du må gjera er å logge deg på Min side og krevje bokstipend. Beløpet blir utbetalt i to delar. Har du gløymt å krevje bokstipend, eller kan du ikkje finne det på Min side, er det berre å ta kontakt med medlemservice.

For deg som er medlem i Industri Energi er vår fremste fordel tillitsvaltapparatet i bedriftene, samt gratis juridisk hjelp til å ordne eventuelle problem som kan oppstå på arbeidsplassen. I tillegg har du Noregs beste innbuforsikring som ein del av medlemskapet.



DU FÅR TILBAKE KR. 6000,-  
FOR UTLEGG TIL BØKER GJENNOM BOKSTIPEND-  
ORDNINGEN TIL INDUSTRI ENERGI.

3000 kroner når du blir yrkesaktivt medlem

+

3000 kroner etter ett år som yrkesaktivt medlem

---

= 6000 kroner rett i lomma etter studiene

---

[Bøkene kan du beholde ;-)]

Les mer om bokpant ordningen til Industri Energi og andre  
fordeler på [www.industrienergi.no/student](http://www.industrienergi.no/student)

**I tillegg får du gratis kurs og konferanser, og tilgang til en rekke andre fordeler som  
f.eks. Topp reiseforikring, billigere reiser, strøm og internet gjennom LO Favør.**



BLI MEDLEM NÅ, FOR KUN 10 KR I MÅNEDEN

Finn ut mer, og meld deg inn:  
[www.industrienergi.no/student](http://www.industrienergi.no/student)  
[www.iestudent.no](http://www.iestudent.no)

